



Årsmelding Etne Frivilligsentral 2023



Frivilligsentralen er mangfoldige møteplassar bygd på frivilligheitas premissar og lokale ønske, vareteke av ein tilsett i samhandling med frivillige, lag og foreiningar og Etne kommune

Innleiing

Etne Frivilligsentral er ei stifting, stifta av Etne kommune, Etne Røde Kors og Skånevik Sokneråd.

Me jobbar for å stimulera til auka frivillig innsats, og å skapa fleire møtepunkt mellom menneske i lokalsamfunnet. Målet er å setje i verk og følgja opp prosjekt som oppstår frå grasrota, og som er til lokalsamfunnets beste.

Me jobbar for å byggja ned fordommar, auka mangfaldet og å auka deltakinga til ekskluderte og passive grupper av befolkninga.

Sentralen er ein møteplass for lokalt utviklings- og nærmiljøarbeid, og ein arena og brubyggjar mellom enkeltmenneske, frivillige lag, organisasjonar og det offentlege.

Visjon: «Saman skapar me gode og inkluderande lokalsamfunn»

Frivilligsentralen har ein dagleg leiar i 100% stilling.

Det blir anslått å ha brukt om lag 10.000 frivillige timar i 2023.

Frivilligsentralen har jobba for å få til godt samarbeid og samhandling med andre lag og organisasjonar samt Etne kommune. Dette til beste for alle.

Styremedlemmer

NAVN:	ROLLE:	FORHOLD:
Asbjørn Opedal	Styreleiar	Etne Røde Kors
Hilde Selland Winterthun	Styremedlem	Etne Kommune
Lars Øyre	Styremedlem	Skånevik Sokneråd
Ingrid Sævareid	Styremedlem	Frivillig
Berit Haaland	Vara	Etne Røde Kors
Ragnhild Underhaug Ness	Vara	Etne kommune
Iren Ness	Vara	Skånevik Sokneråd
Ada Leknes	Vara	Frivillig
Solveig Kvamme	Daglig Leder	Tilsett

Rekneskap: Tveit Regnskap

Revisor: TSrevisjon

Styret har hatt 4 styremøte og 1 årsmøte i 2023.

Styremøta inneheld faste saker:

- Økonomi,
- Aktivitetar
- Planar

Drift, økonomi og marknadføring

Frivilligsentralen har ca. 70 frivillige, lojale og flinke personar som stiller opp til ulike aktivitetar. I tillegg organiserer Frivilligsentralen ca. 80 foreldre som er vakter i ungdomsklubbane i Etne og Skånevik.

Det har tidlegare vore hovudsakleg seniorar, men ettersom me har fleire aktivitetar retta mot ungdom er det komme fleire yngre frivillige.

Frivilligsentralen leier lokale ved Etne Bustadskiping. Her har me eigne faste aktivitetar, i tillegg har me framleige til Psykisk helse og rus-tenesta i Etne kommune og andre enkelte arrangement. Dagleg leiar har ein fast kontordag annankvar veke i Skånevik.

Me har og faste aktivitetar ved Etne og Skånevik Omsorgssenter.

Dagleg leiar er nettverksleiar for Frivilligsentralar i Sunnhordland og deltek jamleg på møte med Norges Frivilligsentralar.

Me har og nettverksmøte 3-4 gonger i året.

Frivilligsentralen fekk kr. 788.120,- frå Etne kommune til drift av sentralen i 2023. I tillegg søkjer Frivilligsentralen på midlar hos andre aktørar som Elagsfondet, Sparebankstiftelsen, Sparebanken Vest, Gjensidigestiftelsen, Vestland Fylke og andre til arrangement og prosjekt.

Følgande marknadføringstiltak blei gjennomført i 2023:

- Eiga nettside med alle aktivitetar, arrangement og prosjekt.
- Gratis marknadføring på Norsk Friluftsliv si nettside.
- Dagleg publisering på Facebook om kva tilbod som finst.
- Distribuert plakatar og informasjonsfoldarar i nærområde.
- Månadleg annonsering i Grannar med oversikt over tilboda me har.
- Laga ein film i lag med Omega Design for å skaffe fleire frivillige og for å vise tilboda våre.

Nye aktiviteter/arrangement i 2023

Handlehjelpa

Enge skule og Enge barnehage

Ein avtale med Etne kommune om fast leveranse av matvarer til Enge skule og Enge barnehage kvar veke.

Etne kommune sørgjer for eigen bil til bruk for denne type oppdrag.



Nye aktiviteter/arrangement i 2023

Lokalt transporttilbud for ungdom i Etne kommune.

Etne kommune har fått støtte frå Vestland Fylkeskommune til å opprette lokalt transporttilbud for ungdom mellom 12–19 år.

Dette inneber at ungdommane kan få skyss heim frå ungdomsklubbane i Skånevik og Etne.



Frivilligsentralen sine oppgåver:

Ta imot påmeldingar til transport heim.

Sende påmeldings-skjema til Taraldsøy Transport kvar veke.

Nye aktivitetar/arrangement i 2023

Drivhus og fiskebåt

Søkte midlar hos Sparebanken Vest til drivhus og fiskebåt til gruppa, «Arbeid og aktivitet», psykisk helse- og rustenesta i Etne kommune.

Søknaden begrunna i å treffe meir på tiltak ift menn og psykisk helse.

Mål:

Auke deltaking, og då spesielt frå menn.


Resultat:

Det har vore ei auke på om lag 50%. Hovudsakleg menn.

Ein person kan komme ut i ordinært arbeidsliv.



Nye aktiviteter/arrangement i 2023



Nye aktivitetar/arrangement i 2023

2 dagars Dansecamp

Med midlar frå Kulturtanken blei det arrangert 2 dagars dansecamp for barn/unge frå 10-19 år.

Dette var eit samarbeid mellom Frivilligsentralen, kulturskulen og ungdomsklubbane i bygda.

38 ungdommar deltok på dette kjekke helgearrangementet.

Ungdommane fekk lære seg grunnteknikkar innan dansestilar som popping, hiphop og breaking.

En superkjekk helg! 😊



Kulturtanken



Nye aktiviteter/arrangement i 2023

Gjenbrukshjørna

Etter avtale med Etne kommune, helsetenesta fekk me bruka eit område på torget i helsebygget.

Det er hovudsakleg klede til barn og ungdom.

Det er brukt både hyller og klesstativ til dette formålet.

Det blir jamleg ettersett og ordna slik at det til eikvar tid ser fint ut og at kleda er reine og heile.

Dette fungerer fint.

Gjenbrukshjørna!



Ser du noko fint som kan passa til ditt barn?

Værsegod å forsyn deg av det du måtte trenge.

Har du noko klede som er for lite eller du ikkje brukar, kan du levere det her.

Ber om at klede er reine og heile!



Ta kontakt med:

Liv Jorunn tlf: 97 63 09 83
eller Solveig tlf: 90 23 83 54

Møte mellom mennesker



Frivilligsentralen sitt arbeid i Etne kommune i 2023

Integrering

Språkkaféen

Eit samarbeid med biblioteket, NAV integrering og vaksenopplæringa.

Me møtest på biblioteket annankvar torsdag kl. 12.00.

Me deler på kven som har tema og leier treffet.

Kaféen på Frivilligsentralen møter fleire av dei Ukrainske flyktningane som er over 55 år og som ikkje har krav på norskopplæring.

Kommunikasjonsforum:

- Tverrfagleg integreringsteam/ NAV
- Vaksenopplæringa
- Foreldremøte skule



Nye aktiviteter/arrangement i 2023

Pårørandeskule for Etne og Vindafjord

Kurs for pårørende til personar med demens

Arrangør: Etne- og Vindafjord kommune i samarbeid med Frivilligsentralen

Mål:

Gi pårørende auka kunnskap om demenssjukdommar.

Gi pårørende metodar for kommunikasjon og samhandling med personar med demens.

Bidra til at pårørende får betre kjennskap til rettar og aktuelle lovar og korleis dei får kontakt med hjelpeapparatet.

Tilby støtte gjennom å møte andre pårørende som er i same situasjon

Deltakarar: 45 personar



Kunnskap
Støtte
Felleskap

Frivilligsentralen har

bidrege med:

- Delteke i planlegging av kurs
- Teke imot påmelding av kursdeltakarar
- Registrert og oppdatert deltakarliste
- Sendt ut kursinformasjon
- Sørge for frivillige, møteleiarar
- Halde innlegg på kurset

Frivilligsentralen sitt arbeid i Etne kommune i 2023

Eldreomsorg

Omsorgssentera:

- Søke midlar til prosjekt, og hjelp til utføring av prosjekt
- Lagar planar for aktivitetar og arrangement gjennom Spaserstokken
- Lagar kalenderoversikt over månadlege aktivitetar til Omsorgssenteret i Etne og Skånevik samt plakatar som informasjon til bebuarar.
- Frivillige som hjelper bebuarane med brukarundersøkinga.
- *Aktivitetar Omsorgssentera:*
- Sjå kalendrar
- *Annan hjelp:*
- Følgjevann til lege, sjukehus og frisør
- Handlehjelp
- Tur/besøksvann
- Skyss til aktivitetar

Frivilligsentralen:

- Kaféen, ein sosial møteplass tysdag og torsdag kl. 09:00-14:30
- Sitjedans
- Rusleturen
- Onsdagsturen
- Seniortrim
- Lunsj

Frivilligsentralen og andre samarbeidspartar:

- Åresal med Røde Kors
- Matombering Lions i Etne og Skånevik
- Den glade tralle «trille» på Omsorgssenteret
- Digihjelpen
- Andakt på Ståvo

Digitalhjelpa

Rettleiing i data,
mobil og nettbrett
Digitalhjelpa

Vil du ha hjelp med tekniske ting? Digitalhjelpa er eit tilbod der du kan få hjelp ei fast tid i månaden.



Kva kan du spørje om hjelp til?

- Korleis motta og sende sms
 - Kva er ein app
- Korleis betale rekningar i nettbanken
 - Korleis bruke Vipps
 - Korleis fungerer e-post
 - Korleis søke på nett
- Korleis ta bilete og video med telefon og nettbrett
- Korleis komme inn på Altinn, Digiposten og Helsenorge
- Korleis starte ein videosamtale
- Me prøver å hjelpe om du har andre spørsmål, men du får kanskje beskjed om å komme igjen seinare


**Vil du bli ein av
hjelparane på
Digitalhjelpa eller vite
når neste kurs eller
drop-in skal vere?
Ta kontakt!**



Kalender Etne Omsorgssenter april 2023

Aktivitetsskalendar april 2023
Etne Omsorgssenter



Dato:	Dag:	Tidspunkt:	Aktivitet:	Sted:
03.04.2023	Mandag	12:00	Bingo	Foajeen
04.04.2023	Tirsdag	16:00	Konsert Ferda-Roser m/Magne Skjævesland	Foajeen
12.04.2023	Onsdag	11:00	Rusleturen	Rusleløypen
13.04.2023	Torsdag	16:30	Den glade tralle «Trille» et samarbeid med 	Alle avdelinger
17.04.2023	Mandag	12:00	Bingo	Foajeen
19.04.2023	Onsdag	11:00	Rusleturen	Rusleløypen
20.04.2023	Torsdag	11:00	Andakt	Foajeen
17.04.2023	Mandag	12:00	Bingo	Foajeen
26.04.2023	Onsdag	11:00	Rusleturen	Rusleløypen
26.04.2023	Onsdag	16:30	Allsang	Foajeen
27.04.2023	Torsdag	11:00	Baby Song	Avdelingsvis

Møte mellom mennesker

A: Postboks 48
5591 Etne
T: +47 90 23 83 54
Web: etne.frivillig.no
Org.Nr.:988 816 191

Kalender Skånevik Omsorgssenter april 2023

Aktivitetskalender Skånevik Omsorgssenter April 2023



Dato:	Dag:	Tidspunkt:	Aktivitet	Sted:
03.04.2023	Mandag	11:00	Mandagskaffen	Stue 2. etg.
04.04.2023	Tirsdag	11:00	Andakt	Stue 2. etg.
04.04.2023	Tirsdag	12:00	Seniortrim	Stue 2. etg.
11.04.2023	Tirsdag	11:00	Seniortrim	Stue 2. etg.
12.04.2023	Onsdag	11:00	Karaprat	Stue 2. etg.
17.04.2023	Mandag	11:00	Mandagskaffen	Stue 2. etg.
18.04.2023	Tirsdag	11:00	Seniortrim	Stue 2. etg.
24.04.2023	Mandag	11:00	Mandagskaffen	Stue 2. etg.
25.04.2023	Tirsdag	11:00	Seniortrim	Stue 2. etg.
25.04.2023	Tirsdag	17:30	Glagsong	Stue 2. etg.

Møte mellom mennesker

A: Postboks 48
5591 Etne
T: +47 90 23 83 54
Web: etne.frivillig.no
Org.Nr.: 988 816 191

Frivilligsentralen sitt arbeid i Etne kommune i 2023

Barn/unge og familie

- Ungdomsklubbane i Etne og Skånevik.
- Deltek på foreldremøte og sørger for å registrere alle foreldrevakter. Set opp halvårlege planar for vakter og sender ut påminning kvar veke.
- Søker midlar til arrangement og utstyr for ungdomsklubben.
- «Open fritid» i lag med Biblioteket. Søker midlar til arrangement og utstyr.
- Etne Leikane med idrettslaget.
- Camp Hjørnås med Røde Kors.
- Aktivitetsdag på Osnes under friluftslivets veke

Kommunikasjonsforum:

- Medlem Etne ungdomsklubb sitt styre og skriv referat.
- Førebu og deltek på årsmøte. Lagar attestar til ungdomsrepresentantane i styre for ungdomsklubben.
- Deltek på fellesmøte for foreldre ved skulestart.
- Fortløpande møte med samarbeidande lag og foreiningar.
- SLT arbeidsutval



Kvar måned har me annonse i Grannar med oversikt over aktivitetane våre

Frivilligsentralen

OKTOBER 2023



Frivilligsentralen:

Tysdagar	kl. 09-14.30	Kafèen en sosial møteplass
Tysdag 3. og 17.	kl. 10.00	Drop-in Digihjelpen
Tysdagar	kl. 10.30	Bingo
Tysdagar	kl. 11.30	Sitjedans
Tysdagar	kl. 13.00	Middag.
Torsdagar	kl. 09-14.30	Kafèen en sosial møteplass
Torsdagar	kl. 11.00	Seniortrim
Torsdagar	kl. 12.00	Lunsj
Torsdag 19.	kl. 15.00	Andakt og kaffikos
Søndager	kl. 17.00	Søndagsbingo (Oddetallsuker)
Søndager	kl. 12.00-16.30	VR-Gaming, påmelding (Partallsuker)

Etne Omsorgssenter:

Mandager	kl. 12.00	Bingo i Foajeen
Onsdag 11.	kl. 16.00	Gjensyn «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu» v/ Oddgeir Bruaset
Torsdag 19.	kl. 11.00	Andakt
Torsdag 19.	kl. 16.30	Den glade tralle "Trille" et samarbeid med 
Onsdag 25.	kl. 16.30	Allsang i Foajeen

Skånevik Omsorgssenter:

Mandager	kl. 11.00	Mandagskaffen
Tysdag 3.	kl. 11.00	Andakt
Tysdager	kl. 11.00	Seniortrim (kl. 12 første tirsdag i mnd.)
Onsdager	kl. 10.30	onsdagsturen
onsdager.	kl. 11.30	Karaprat (oddetallsveker)
Tysdag 31.	kl. 17.30	Gladssong

Skånevik Fjordhotell:

onsdager.	kl. 13.00	Middag (oddetallsveker)
-----------	-----------	-------------------------

Biblioteket i Etne:

Torsdag 5. og 19.	kl. 12.00	Språkkafe
Tysdag 10.	kl. 13.30-15.00	Open fritid

Skakkesenteret:

fredag 13.	kl. 19.00	Ungdomsklubb og Open hall
fredag 27.	kl. 19.00	Ungdomsklubb og Open hall

Skånevik Idrettshall:

fredag 6.	kl. 19.00	Ungdomsklubb og Open hall
fredag 20.	kl. 19.00	Ungdomsklubb og Open hall

Sjøperlo Ølen:

Mandag 30.	Kl. 18.00	Kveldskafè (underholdning v/ Gunn Rakel Tjelle Jarmer og Lasse Jarmer)
------------	-----------	--

Møte mellom mennesker

etne.frivilligsentral.no

På lag med:



Filmar til marknadsføring

Frivilligkaféen



Onsdagsturen



Karaprat



Mottekne g aver i 2023

**Pengeg ave fr 
Sunnhordland Kraftlag og
Haugaland kraft.**

Midlar brukt til:

- G avekort p  Etne Senter
- Julefest p  Frivilligsentralen
- Kino for barn fr  Ukraina
- Juleverksted p  spr kkaf een



Oppsummering

Det fysiske arbeidsmiljøet ved Sentralen har vore tilfredsstillande gjennom året.

Sentralen er godt etablert og er ein viktig aktør i Etne kommune.

Sentralen har som mål å vera eit knutepunkt i den frivillige aktiviteten i Etne kommune, med søkelys på samarbeid med andre lag, organisasjonar og kommunen. Frivilligsentralen er i ein særstilling når det gjeld å ha direkte kontakt med menneska i lokale samfunn, og skal kunne fange opp behov og trendar raskt.

Frivilligsentralen kan tilby eit breitt spekter av aktivitetar til menneske i alle aldersgruppe og har bidrege til å skape gode opplevingar, og eit levande og varmt nærmiljø for menneske i Etne kommune og nærliggande kommunar.

Styret vil takka;

Etne kommune for tilskot og støtte til drifta.

Sparebank Vest, Fylkeskommune, Kulturtanken, Elagsfondet, SKL og Haugaland kraft for gåver og midlar til aktivitetar.

Styret er godt fornøgd med innsatsen til dagleg leiar!

Me rettar ein stor takk til alle frivillige som har vore med på å gjera Frivilligsentralen synleg også i 2023.

Alle har noko å gi og alle treng ei hand!

Me brenn for at menneske skal møtast og berika kvarandre!

Å bidra for andre gjennom frivillig innsats skaper ny meining i livet!



Styret i Etne Frivilligsentral